


# Har du barn som skal begynne på skulen?

Rettleiing og tips til foreldre med barn i overgang frå barnehage til skule.



# Innleiing

Det å begynne på skulen er ei stor hending. Er du spent på korleis det vil bli for barnet ditt å begynne på skulen? Mange barn og foreldre har blanda kjensler før skulestart; dei både gruar og gler seg. Alle barn har behov for tryggleik når det skjer endringar, så det er lurt å planleggje og snakke om overgangen. Når barnet er førebudd på kva som skal skje, blir det betre rusta til å meistre den nye kvardagen.


## Tips til deg som forelder om skulestart

Barnet ditt skal vere på skulen i mange timar kvar dag i fleire år, og det er viktig at miljøet i klassen er godt for alle barn. Når barnet har venner og trivst på skulen, lærer det betre. Du som forelder spelar òg ei viktig rolle for at barnet ditt og andre barn skal trivast på skulen og få venner.

- Snakk med dei andre foreldra i barnehagen om overgangen frå barnehage til skule. Skal nokon av dei andre barna begynne på same skule? Kan de førebu barna saman?
- Hjelp barnet ditt til å bli så sjølvstendig som mogleg med påkledning og toalettbesøk.
- Øv saman med barnet ditt på å gå til skulen, slik at dette blir trygt for barnet.
- Snakk med skulen eller med andre foreldre i klassen om å lage ei ordning der barna går saman til og frå skulen..
- Ta kontakt med andre foreldre i klassen til barnet. Når foreldra kjenner kvarandre, fører det til betre samarbeid og kontakt mellom barn og foreldre.
- Inviter heim ulike barn frå avdelinga eller klassen og følg med på korleis barna leiker saman. Det kan førebyggje ekskludering og mobbing av enkeltbarn.
- Snakk fint om barna og foreldra på avdelinga eller i klassen – det fører til større aksept og anerkjenning hos ditt eige barn.
- Pass på at barnet ditt får nok søvn, mat og rørsle, då blir det meir uthaldande på skulen.
- Tenk på korleis du som forelder kan leggje til rette for bursdags selskap og andre sosiale samankomstar, slik at alle barna på avdelinga eller i klassen blir inkluderte. Kanskje kan du låne lokale i barnehagen og/eller skulen til slike arrangement?



- Snakk positivt om skulen, det påverkar haldninga og innstillinga barnet har til skulen.
- Engasjer deg i skulekvardagen til barnet, då vil det gjere det betre på skulen.
- Inviter til felles aktivitetar for heile klassen – det kan bidra til eit godt klassemiljø.
- Ver førebudd på at du kjem til å ha mindre kontakt med dei tilsette på skulen enn du har hatt i barnehagen.



## Barnehagen og skulestart

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med dykk foreldre bidra til å gjere overgangen frå barnehage til skule og SFO trygg og god for barnet. Sjekk om barnehagen:


- Har rutinar for overgangen frå barnehage til skule og SFO.
- Har eit eige pedagogisk opplegg for dei barna som skal begynne på skulen.
- Markerer avslutninga for barna som skal slutte i barnehagen og begynne på skulen.
- Inviterer foreldra til å delta i planlegginga og gjennomføringa av overgangen, til dømes i individuelle samtalar eller samla på foreldremøte.
- Gir opplysningar om barnet ditt til skulen, og at dette er avklart med deg som forelder på førehand.
- Gir teiepliktig informasjon til skulen om barnet ditt og dykk som foreldre: Ifølgje forvaltingslova § 13 (teieplikt) har ikkje tilsette i barnehage og skule lov til å gi andre tilgang eller kjennskap til det dei veit om nokon sine personlege forhold. Det må så fall skje etter avtale med foreldra.

# Skulen og skulestart

## Sjekk ut:

- Om dei tilsette ved skulen og SFO besøkjer barna i barnehagen før skulestart.
- Om skulen inviterer dykk foreldre til samarbeid om ein god skulestart for barnet.
- Korleis skulen jobbar for at alle barn skal trivast.
- Om skulen tek omsyn til barnas vennskap i overgangen og når klassar skal setjast saman.
- Korleis overgangen til skule og SFO er dersom barnet ditt ikkje går i barnehage.
- Korleis skulen legg til rette for å gjere barna trygge i friminutta og for å inkludere alle i leiken.
- Kva rutinar skulen og SFO har for påkledning og toalettbesøk
- Korleis samarbeidet mellom barnehage og skule er, dersom du er nyinnflytta til kommunen.
- Om du kan få med deg tolk i overgangsmøta med skulen, slik at du veit at skulen får rett informasjon om barnet ditt.
- Korleis skule og SFO samarbeider om oppfølging og deling av informasjon om barnet ditt.
- Kva skulen forventar av deg som forelder.
- Om skulen tilbyr leksehjelp.
- Om skulen legg til rette for barn som har behov for ekstra hjelp
- Om skulen gir undervisning som er tilpassa behova og føresetnadene til barnet ditt er tilpasset ditt barns behov og forutsetninger.

**Foreldreutvala ønskjer alle lykke til med den viktige overgangen frå barnehage til skule og SFO!**





Foreldreutvalet  
for barnehagar



Foreldreutvalet  
for grunnsopplæringa

## Har du barn som skal begynne på skulen?

Foreldreutvalet for barnehagar  
Foreldreutvalet for grunnsopplæringa

© 2021

[foreldreutvalgene.no](http://foreldreutvalgene.no)

[post@fubhg.no](mailto:post@fubhg.no)/[post@fug.no](mailto:post@fug.no)

Tlf: 477 99 200

